



HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

ÅRSMELDING FOR HOVUDSTYRET 2024

Styret har hatt denne samansetninga i perioden

Leiar	Arild Even Lillebø Opsal
Nestleiar	Asgeir Bakke
Kasserar	Øyvind Haugland
Medlemsansvarlig	Hans Thomas Solheim
Styremedlem	Siri Lund
Styremedlem	Tor Andre Myrstad
Varamedlem	Hans Inge Lien Vereide

Haugen IL har hatt desse undergruppene

- Alpin
- Fotball
- Friidrett
- Langrenn

Møter

Hovudstyret hadde 8 møter i 2024 der nokre omfatta gruppeleiarane.

Representasjon

Haugen IL er partseigar i Harpefossen Skisenter AS, Eid Idrettspark AS, AL Vårtun og muligens AL Solvang. Haugen IL er representert i Marit og Magne Dalseths minnefond, styret i Sogn og Fjordane Skikrins. Idrettslaget er også representert i ei arbeidsgruppe som arbeider for ein idrettshall ved Haugen skule tilhøyrande idrettslaget.

Klenkarberget

Det blei gjennomført vanleg vårrydding på anlegget samt ein ekstra innsats på sandbanene og området rundt for å klargjere banene til ei turnering som diverre blei avlyst. Idrettslaget har ansvar for drift og vedlikehald av sandbanene. Gjerdet mot naboegedomen i nord blei skifta og saman med fjerning av tre og kratt framstår området som ryddig.

Grasbana blei lufta og strødd, den nye sandstrømaskina blei teken i bruk og tilbakemeldingane frå fotballgruppa er gode.

Klubbhuset

Fylkesutvalet for kultur og idrett løyvde 1,32 mill kr i spelemidlar til rehabilitering av klubbhuset og midlane ligg klare for utbetaling. I tillegg har vi fått tilskot på 250 000 kr frå Sparebankstiftinga. Grunna lang tid med å lokalisere den kommunale vassleidninga blei byggjeløyvet ikkje klart før i november, nokre månadar etter planen og rehabiliteringa kom så vidt i gang før årsskiftet.

Lysløypa på Tippasætra

Rehabiliteringa av brua over Kvandalselva vil bli meir omfattande enn tenkt. Brua må prosjekterast og byggemeldast. Prosjektering vil omfatte kartlegging av nedslagsfelt, berekning av vassføring samt dimensjonering av brua. Flaumen sist haust der vi såg at Hjalma gikk over sine breidder, viste at eksisterande bru ikkje greidde å svelgje unna vatnet.



HAUGEN IDRETTSLAG

Skipa 1895 – 6770 NORDFJORDEID

Eid idrettspark

Eid idrettspark er eit samarbeid mellom Haugen IL, Eid IL, Heia IL og Stad kommune. Driftsutgiftene blir fordelt etter bruk og fotballgruppa vår betalte om lag 15.000 kr i 2024.

Harpefossen skisenter

Det blir lagt ned mykje arbeid på skisenteret og dugnaden utgjer ein stor del av verdiskapinga. Før sesongstart var det fokus på vedlikehald av trasear og heisar. Den eldste fjellheisen blei godkjent etter naudsynt vedlikehald der mellom anna trekktauet blei skifta.

Marit og Magne Dalseths minnefond

Marit og Magne Dalseths minnefond er ei stifting oppretta i samsvar med Marit og Magne Dalseths vilje og som skal forvalte midlane etter dei. Idrettslaget er slik testamentet krev, representert i minnefondets styre. Minnefondet delar ut stipend til medlemmar i Haugen IL som har vist gode prestasjonar, er knytt til Haugen krins og som er under utdanning. I 2024 blei det utdelt stipend frå minnefondet til tre ungdommar, Ask Haughovd, Marte Bjørhovde og Trym Dalset Lødøen.

Basaren

Basaren blei gjennomført 27. oktober med godt oppmøte og god stemning. Basaren gjev ei kjærkoma inntekt for hovudstyret. Under basaren blei også stipenda frå Marit og Magne Dalseths minnefond delt ut.

Økonomi

Laget har god likviditet med ein eigenkapital pr 31.12.2024 på 1 774 795 kr mot 1 895 428 kr året før, til tross for eit underskot på 109 831 kr i 2024.

Laget hadde 298 betalande medlemmar pr 31.12.2024

Vi takkar alle frivillige for den store innsatsen i 2024 og vonar på eit framleis godt samarbeid.

Haugen 11.03.2025

Arild Lillebø Opsal

Asgeir Bakke

Øyvind Haugland

Hans Thomas Solheim

Siri Lund

Tor Andre Myrstad